



i mars 2007 i Geneve. Resolusjonens grunnleggande bodskap og siktemål er å skape ei «kritikkfri sone» for islam. Islamske og andre ikkje-

Jesus – i stor utstrekking vart oppfatta som støytande.

Jesu eksempel

Gud er rettvis og nådig. Gud elsker rettferd og nåde! Vi må ikkje setje desse opp mot kvarandre. Det er ikkje eit spørsmål og enten-eller, men både-og.

Ein kan observere fire forskjellige måtar Jesus relaterte til ulike menneske og saker:

1. Han levde saman med andre, ein sameksistens med religiøse fanatikarar, okkupasjonsstyrkar og undertrykkande politiske grupper. Til og med på Jesu tid var det eit multikulturelt samfunn, og Jesus fann måtar å leve fredfullt side ved side med dei med annan bakgrunn og andre trusoppfattingar. På same måte skulle vi streve etter å leve i fred med alle menneske, til og med dei som har ein livsstil vi mislikar eller religiøse oppfattingar vi er usamde i.

2. Jesus levde for andre, alltid villig til å hjelpe, lækje, nære og trøyse, til og med fiendane sine. Derfor kan og skal vi be for Osama bin Laden, reise oss mot vold mot homoseksuelle, kjempe mot diskriminering av kvinner, hjelpe muslimske innflyttarar og så vidare.

3. Jesus talte og kom med ekskluderande utsegner: «Eg er den einaste vegen til Gud». I moderne termar utøvde han retten til å uttrykke synspunkta sine og prøvde å formidle sanningar og overtyste andre om bodskapen sin. Dette er demokrati, dette er ytrings- og religionsfridom. I mange delar av den vestlege verda er der ein tendens til å ekskludere kristne frå den offentlege arenaen og den offentlege debatten. I tillegg er nokre kristne skamfulle, held tilbake synspunkta sine og trekker seg frå den offentlege arenaen. Vi må ikkje gjere det, Jesus gjorde det ikkje.

4. Jesus turde også å konfrontere og utfordre leiara. Han hata urettferd og talte imot det, særleg dersom det var gjort i religionens namn. Vi må aldri trekke oss unna det profetiske ansvaret vi har for å identifisere oss med lidande og kjempe mot urettferd og vondskap, sjølv om han skjer i namnet til islam. Vi kan ikkje tolerere sjølvmondsbombarar eller undertrykking av kvinner, forfølging av kristne og misbruk av born. Som kristne har vi eit bibelsk mandat og gudgjeve ansvar for å kjempe for rettferd og vise nåde. I og med at Europa står overfor utfordringar frå islam og frå sekularistar, må vi engasjere oss på forskjellige nivå og frontar: offentlig debatt, lovgjeving, evangelisering, sosiale spørsmål og samfunnsutvikling. Dette inkluderer å kjempe for ytringsfridom som er basisen for religionsfridom. Mangel på religionsfridom fører til diskriminering, trakassering og forfølging, til undertrykking og åtak på menneskeverd - som er klart i strid med Guds vilje. Av den grunn treng vi å fylgje tett med og delta i offentlege debattar og lovgjeving som gjeld ytringsfridom. DAGEN

bli avgjort av domstolar.

«Denne resolusjonen legg eit alvorleg trugsmål inn over individa sin rett – både muslimar og ikkje-muslimar – til å oppdage og leve ut deira religiøse oppfattingar utan å frykte forfølging. Det er nødvendig at det internasjonale samfunnet reiser seg for å gå imot at FN sluttar seg til antiblasfemilover og at ein framstiller desse resolusjonane som det dei verkeleg er: juridisk rettferdiggjering av å undergrave religions- og ytringsfridomen og institusjonalisert intoleranse mot religiøse minoritetar» (Tina Ramirez, assistent for senator Trent Franks, USA).

Drepe ytringsfridomen

Medan vi diskuterer blasfemilover (Pakistan), sverteresolusjonar (FN) og «lover om religiøs toleranse» (Australia), treng vi også å vurdere og stille spørsmål ved blasfemilovene i Storbritannia og Noreg, såvel

som avgrensingane i ytringsfridomen i Tyskland (der det er ulovleg å fornekte Holocaust) og i Frankrike (der ein ikkje må fornekte folkemordet på armenarane).

Så kvar går vi? Er der ein trend i retning av «rett til å IKKJE bli støytt» (muslimar og homoseksuelle) og slik avgrensingar rett for andre til å uttrykke andre oppfattingar? «Fridom frå å høyre» drep ytringsfridomen. Ringverknadene er enorme, det er eit stort trugsmål ikkje berre mot religionsfridomen, men også mot sjølv demokratiet – og på denne måten mot alle saman.

Vår respons

Ytringsfridom og religionsfridom er for alle: muslimar, ateistar, kristne, konservative, kommunistar, homoseksuelle og andre. Ytringsfridom og religionsfridom inneber retten til å samanlikne religionar offentleg og tillet forskjellige religiøse

overtyingar og uttrykk. Dette er individuelle rettar, såvel som rettar for individ til å danne forsamlingar med utgangspunkt i trussystem. Eit rettsamfunn skulle verken diktere religion eller vere kontrollør av religiøse synspunkt.

Taleovervakar

Siktemålet med å forsvare pastor Åke Green var ikkje å forsvare eit bestemt kristen syn, eller ei bestemt kristen kyrkje. Hovudsaka var ytringsfridom og dermed religionsfridom. Det er på sin plass at kyrkja diskuterer Bibelen og seksualitet, kyrkja og homoseksuelle og så vidare. Men desse spørsmåla kan aldri verte saker for rettsystemet, og domstolar må ikkje bli taleovervakarar.

Vi treng å skilje mellom kyrkjearenaen og domstolen, og kva saker som høyrer heime kvar. Vi må også sjå skilnaden mellom kva som er eit juridisk spørsmål og kva som er eit

spørsmål om skikk og bruk, kva som er juss og kva som er teologi. Vi kan kanskje stille spørsmål ved Greens tale og teologi og til og med om bodskapen hans var passande, men dette er spørsmål om kyrkje, teologi og skikk og bruk. Retten hans til å preike frå Bibelen, til å presentere tolkinga si derifrå, er eit juridisk spørsmål - og eit spørsmål om ytringsfridom og religionsfridom.

Jesu oppfatta støytande

Tilsvarande kan ein kanskje vere rysta over Jyllandspostens mangel på sensitivitet i høve til muslimar, og som kristne føretrekker vi gjerne å gjere vårt beste for å unngå å støyte folk. Men vi ynskjer også å verje menneskeverd ved å forsvare menneskerettar, inkludert retten til å uttrykke ulike meiningar. Det kan vere nyttig å hugse at bodskapen til mange av dei bibelske profetane – inkludert bodskapen til